



### Nydeleg bok med gammalt innhald

*Jiro Abe, Kyoko Kokubo and Koji Sato:*  
**Mandibular Suction Effective Denture AND BPS: A complete guide**  
*4 steps from start to finish*



Denne japanske boka er ei lærebok i ein spesiell teknikk for framstilling av heilprotese og er tufta på prinsippet om BPS: Biofunksjonelt Protetisk System.

Boka startar med å forklare det biofunksjonelle protetiske system (BPS) som er delt inn i fire fasar; fase 1 med undersøking, preliminært dobbel avtrykk med Accu-Dent System og preliminær bittregistrering med Centric Tray. Fase 2 er funksjonsavtrykk, bittregistrering med Gnathometer M, ansiktsburegistrering med Universal Transferbow System (UTS) og montering i Stratos artikulatur. Fase 3 er innprøving og fase 4 er utlevering. Alt utstyr og material i BPS prosedyren er levert av Ivoclar Vivadent.

Del to i boka tar nokså grundig for seg korleis proteseutforminga må tilpassast for å få god «sug-effekt» (suction mechanism). Særleg er «sug-effekta» for underkjeveprotesar rikt illustrert.

Del tre utgjer største delen i boka med 135 sider og viser godt detaljert behandlinga gjennom dei fire fasane i BPS-prinsippet. Denne delen av boka er mest utforma som ein manual med lite tekst og mengder med foto/illustrasjonar.

Del fire ser på avtrykksmetodar og proteseutformingar ved vanskelege og til dels manglande kjevekammar. Del fem tar for seg estetiske utfordringar sett i relasjon til pasienten sine forventningar. Til slutt i boka er der ei kort referanseliste med hovudsakleg japanske referansar.

Framstilling av tradisjonelle heilprotesar er kanskje den eldste protetiske behandlinga vi har, men samtidig den som er minst evidensbasert. Det har ført til at det opp gjennom tidene har vversert ulike filosofiar for framstilling av heilprotesar med varierende bruk av til dels avanserte metodar og apparatur.

Den skandinaviske måten å lage heilprotesar på er monaleg enklare enn omtalt i denne boka, og når vi no har implantatretinerte dekkprotesar som eit reelt behandlingalternativ har BPS og Suction-Effect mindre for seg.

Boka har mjukt omslag og inneheld fem hovudavsnitt med totalt 11 kapittel. Alle kapittel er rikt illustrert med foto og teikningar. I typisk Quintessence-tradisjon har boka ein flott layout og ypperleg kvalitet på alle foto. Kvart kapittel er fargekoda og det gjer boka lett å finne fram i.

Boka kan ikkje anbefalast som generell lærebok for framstilling av heilprotesar, til det ligg den for langt borte frå den skandinaviske metode for proteseframstilling. Derimot kan boka anbefalast til kollegaer som vil ha fantastisk flotte bilde og illustrasjonar av anatomiske strukturar, proteseunderlag og ferdige protesar.

*Tokyo: Quintessence Publishing 2012, 291 sider. ISBN 978-4-7812-0260-0 C3047*

### ■ Nye bøker og anmeldelser

Tidendes redaksjon mottar et stort antall bøker, både om odontologi og andre fagområder innen helse, samt helse og samfunn med ulike vinklinger, fra forlag i inn- og utland. Mange av disse er det ikke aktuelt for Tidende å anmelde, mens mange sendes til anmeldelse. Det blir derfor jevnlig anmeldt et antall bøker i Tidende under Boknytt. Ofte går det imidlertid noe tid fra boken kommer ut til anmeldelsen foreligger.

For å gjøre bokutgivelser kjent for Tidendes lesere, presenterer vi bøker, både odontologiske fagbøker og de som omhandler andre temaer, med en kort omtale basert på vaskeseddelen fra forlaget, under vignetten Nye bøker. Presentasjonen kommer på det språket boken er skrevet; det være seg norsk, svensk, dansk eller engelsk, og er ledsaget av et bilde av bokens forside.

En presentasjon under Nye bøker i Tidende er ingen garanti for at det kommer en anmeldelse av boken senere, samtidig som det heller ikke utelukker en anmeldelse i en senere utgave.